

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2010/30/EU

2017/EØS/29/31

av 19. mai 2010

om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar

(omarbeiding)(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 194 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosessen⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåttane:

1) Rådskildirektiv 92/75/EØF av 22. september 1992 om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursforbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysningar⁽³⁾ er vorte endra monaleg⁽⁴⁾. Ettersom det må gjerast ytterlegare endringar, bør direktivet omarbeidast av omsyn til klarleiken.

2) Verkeområdet for direktiv 92/75/EØF er avgrensa til hushaldsapparat. Kommisjonsmeldinga av 16. juli 2008 om handlingsplanen for berekraftig forbruk og produksjon og berekraftig industripolitikk har vist at ei utviding av verkeområdet for direktiv 92/75/EØF til å omfatte energirelaterte produkt som under bruk har ein viktig direkte eller indirekte innverknad på energiforbruket, vil kunne styrkje potensielle synergjar mellom eksisterande lovgjevingsmessige tiltak, særleg ved europaparlaments- og rådskildirektiv 2009/125/EF av 21. oktober 2009 om fastsettelse av en ramme for å fastsette krav til miljøvennlig utforming av energirelaterte produkter⁽⁵⁾. Dette direktivet bør ikkje røre ved bruken av direktiv 2009/125/EF. Saman med det nemnde direktivet og andre unionsrettsakter utgjer dette direktivet ein del av ei vidare rettsleg ramme, og fører, innanfor ramma av ei heilskapleg tilnærming, til ytterlegare energiøkonomisering og miljøvinstar.

3) I konklusjonane til Formannskapet frå møtet i Det europeiske rådet 8. og 9. mars 2007 vart det lagt vekt på behovet for å auke energieffektiviteten i Unionen med sikte på å nå målet om 20 % innsparing av energiforbruket i Unionen innan 2020, fastsette mål for utviklinga av fornybare energiformer på EU-plan og redusere utsleppa av klimagassar, og det vart oppmoda til ei grundig og snøgg gjennomføring av dei viktigaste områda som det er gjort greie for i kommisjonsmeldinga av 19. oktober 2006 om ein handlingsplan for energieffektivitet og korleis dette potensialet kan verkeleggjerast. I handlingsplanen vart det lagt vekt på det enorme potensialet for energiøkonomisering innanfor produktsektoren.

4) Ei betring av effektiviteten til energirelaterte produkt ved at forbrukarane gjer medvitne val, vil gagne den samla økonomien i EU.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 153 av 18.6.2010, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 217/2012 av 7. desember 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 18 av 21.3.2013, s. 19.

⁽¹⁾ TEU C 228 av 22.9.2009, s. 90.

⁽²⁾ Haldning frå Europaparlamentet av 5. mai 2009 (enno ikkje offentleggjort i TEU), haldning frå Rådet ved første handsaming 14. april 2010 (enno ikkje offentleggjort i TEU), haldning frå Europaparlamentet av 18. mai 2010 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

⁽³⁾ TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16.

⁽⁴⁾ Sjå del A i vedlegg I.

⁽⁵⁾ TEU L 285 av 31.10.2009, s. 10.

- 5) Ved å syte for at sluttbrukarane får nøyaktige, relevante og samanliknbare opplysningar om det spesifikke energiforbruket til energirelaterte produkt bør det vere mogleg å påverke dei til å velje produkt som under bruk direkte eller indirekte fører til eit lågare forbruk av energi og andre viktige ressursar, slik at produsentane vert motiverte til å gjere tiltak for å framstille produkt som har eit redusert forbruk av energi og andre viktige ressursar. Indirekte bør dette òg fremje effektiv bruk av desse produkta og såleis medverke til at EU når målet sitt om 20% høgare energieffektivitet. Dersom det ikkje ligg føre slike opplysningar, vil ikkje marknadskreftene aleine kunne fremje ein rasjonell bruk av energi og andre viktige ressursar når det gjeld desse produkta.
- 6) Det bør minnast om at det finst unionsregelverk og nasjonal lovgjeving som gjev forbrukaren visse rettar med omsyn til kjøpte produkt, medrekna kompensasjon for eller byting av produktet.
- 7) Kommisjonen bør utarbeide ei prioritert liste over energirelaterte produkt som kan omfattast av ei delegert rettsakt som vert vedteken i medhald av dette direktivet. Ei slik liste kan vere ein del av den arbeidsplanen som er nemnd i direktiv 2009/125/EF.
- 8) Informasjon spelar ei avgjerande rolle for verkemåten til marknadskreftene, og difor er det naudsynt å innføre ein einsarta etikett for alle produkt av same type, gje moglege kjøparar standardiserte tilleggsopplysningar om energikostnadene til produkta og forbruket deira av andre viktige ressursar, og syte for at opplysningane òg vert gjevne til moglege sluttbrukarar som ikkje ser produktet stilt ut, og som difor ikkje har høve til å sjå etiketten. For at etiketten skal verke på ein tilfredsstillande måte, bør han vere lett å kjenne att for sluttbrukaren, og enkel og kortfatta. Difor bør den noverande utforminga av etiketten vidareførast som eit grunnlag for opplysningar til sluttbrukarane om energieffektiviteten til produkta. Energiforbruket og andre opplysningar om produkta bør målast i samsvar med harmoniserte standardar og metodar.
- 9) Slik det er streka under i konsekvensvurderinga til Kommisjonen, som er lagd ved framlegget hans til dette direktivet, har energimerkingsordninga vorten nytta som ein modell i ulike statar over heile verda.
- 10) Medlemsstatane bør jamleg overvake at dette direktivet vert etterlevd, og ta med relevante opplysningar i den rapporten som dei i medhald av dette direktivet skal sende over til Kommisjonen kvart fjerde år, og leggje særleg vekt på ansvarsområda til leverandørar og forhandlarar.
- 11) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008 av 9. juli 2008 om fastsettelse av kravene til akkreditering og markedstilsyn for markedsføring av produkter⁽¹⁾ inneheld allmenne føresegner om tilsyn med markedsføringa av produkt. Dette direktivet inneheld nærmare føresegner om korleis målet for direktivet kan nåast. Desse føresegnene er i samsvar med forordning (EF) nr. 765/2008.
- 12) Ei heilt frivillig ordning ville kunne føre til at berre visse produkt vert merkte eller utstyrte med standardiserte vareopplysningar, med fare for at dette kan føre til forvirring for eller jamvel villeing av enkelte sluttbrukarar. Den noverande ordninga bør difor sikre at alle dei aktuelle produkta vert påførte etikettar og får vedlagt standardiserte produkt datablad som viser forbruket deira av energi og andre viktige ressursar.
- 13) Under bruk har energirelaterte produkt ein direkte eller indirekte innverknad på forbruket av ei rekkje energiformer, og av desse er elektrisk kraft og gass dei viktigaste. Dette direktivet bør difor omfatte energirelaterte produkt som under bruk har ein direkte eller indirekte innverknad på forbruket av alle former for energi.
- 14) Energirelaterte produkt som under bruk har ein vesentleg direkte eller indirekte innverknad på forbruket av energi eller, der det er relevant, av viktige ressursar, og som gjev tilstrekkeleg rom for betre effektivitet, bør omfattast av ei delegert rettsakt, når opplysningar gjevne i form av etikettar kan stimulere sluttbrukaren til å kjøpe meir effektive produkt.
- 15) For å nå unionsmåla for klimaendring og energitryggleik, og med tanke på at det er venta at det samla energiforbruket til produkt vil halde fram med å stige på lang sikt, kan dei delegerte rettsaktene som vert vedteke i medhald av dette direktivet, der det er relevant, òg fastsetje at det skal opplysast om det høge samla energiforbruket til produktet på etiketten.
- 16) Ei rekkje medlemsstatar har innført reglar for offentlege innkjøp som krev at dei offentlege oppdragsgjevarane skal kjøpe energieffektive produkt. Ei rekkje medlemsstatar har òg innført stimuleringsiltak for energieffektive produkt. Kriteria for at produkt skal kunne omfattast av offentlege innkjøp eller stimuleringsiltak, kan variere mykje frå éin medlemsstat til ein annan. Tilvising til ytingsklassar som nivå for visse produkt, slik det er fastsett i delegerte rettsakter som er vedteke i medhald av dette direktivet, kan medverke til å redusere desse skilnadene når det gjeld offentlege innkjøp og stimuleringsiltak, og fremje utbreiinga av effektive produkt.

(1) TEU L 218 av 13.8.2008, s. 30.

- 17) Stimuleringstiltak som vert innførte av medlemsstatane for å fremje effektive produkt, kan omfatte statsstøtte. Dette direktivet føregrip ikkje utfallet av eventuelle framgangsmåtar for statsstøtte som kan innleiest i samsvar med artikkel 107 og 108 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU) når det gjeld slike stimuleringstiltak, og bør ikkje omfatte skatte- og avgiftsspørsmål. Medlemsstatane står fritt til å avgjere korleis slike stimuleringstiltak skal utformast.
- 18) Fremjinga av energieffektive produkt gjennom merking, offentlege innkjøp og stimuleringstiltak bør ikkje gå utover den samla miljøprestasjonen eller funksjonsmåten til desse produkta.
- 19) Kommissjonen bør få fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 290 i TVEU når det gjeld merking og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre viktige ressursar under bruk. Det er særleg viktig at Kommissjonen utfører føremålstenlege samråd under det førebuande arbeidet sitt, òg på ekspertnivå.
- 20) Kommissjonen bør jamleg sende over til Europaparlamentet og Rådet eit samandrag, som omfattar heile EU og kvar einskild medlemsstat for seg, av dei rapportane som medlemsstatane har sendt over i medhald av dette direktivet med omsyn til handheving av direktivet og graden av etterleving.
- 21) Kommissjonen bør ha ansvaret for å tilpasse klassifikasjonane på etiketten, for såleis å sikre at industrien får den oversikta dei treng, og for å gjere etiketten meir forståeleg for forbrukarane.
- 22) Den teknologiske utviklinga og potensialet for fleire viktige energiøkonomiseringstiltak kan, i varierende grad og alt etter kva produkt det gjeld, gjere det naudsynt med ei ytterlegare differensiering av produkta og ei ny vurdering av klassifiseringa. Ei slik vurdering bør særleg gje høve til ei tilpassing av skalaen. Denne vurderinga bør utførast så snøgt som råd for produkt som er særleg nyskapande, og som difor i stor grad kan medverke til energieffektivisering.
- 23) Når Kommissjonen vurderer framgangen og utarbeider rapportar om gjennomføringa av handlingsplanen for berekraftig forbruk og produksjon og berekraftig industripolitikk i 2012, vil han særleg analysere om det er naudsynt med ytterlegare tiltak for å betre energi- og miljøprestasjonen til produkt, m.a. medrekna høvet til å gje forbrukarane opplysningar om karbonavtrykket eller miljøverknaden til produkta i livssyklusen deira.
- 24) Plikta til å innarbeide dette direktivet i nasjonal lovgjeving bør avgrensast til dei føresegnene som utgjer ei vesentleg endring jamført med direktiv 92/75/EØF. Plikta til å innarbeide dei føresegnene som er uendra, følgjer av direktiv 92/75/EØF.
- 25) Når medlemsstatane gjennomfører føresegnene i dette direktivet, bør dei avstå frå å vedta tiltak som kan påleggje dei marknadsdeltakarane som det gjeld, særleg små og mellomstore føretak, unødige byråkratiske og tunge plikter.
- 26) Dette direktivet bør ikkje verke inn på dei pliktene som medlemsstatane har når det gjeld fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving og bruken av direktiv 92/75/EØF.
- 27) I samsvar med nr. 34 i den tverrinstitusjonelle avtala om betre regelverksutforming⁽¹⁾ vert medlemsstatane oppmoda til, både for sitt eige føremål og i interessa til Unionen, å utarbeide og offentliggjere eigne tabellar som i størst mogleg grad viser samanhengen mellom dette direktivet og innarbeidingstiltaka —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1***Verkeområde**

1. Ved dette direktivet vert det innført ei ramme for harmonisering av nasjonale tiltak når det gjeld opplysningar til sluttbrukarar, særleg ved merking og standardiserte vareopplysningar, om forbruk av energi og, der det er relevant, andre viktige ressursar under bruk, og tilleggsopplysningar om energirelaterte produkt, slik at sluttbrukarane får høve til å velje meir effektive produkt.
2. Dette direktivet skal nyttast på energirelaterte produkt som under bruk har ein viktig direkte eller indirekte innverknad på forbruket av energi og, der det er relevant, på andre viktige ressursar.
3. Dette direktivet skal ikkje nyttast på
 - a) brukte produkt,
 - b) alle transportmiddel til frakt av personar eller varer,
 - c) merkeplata eller tilsvarande som vert festa på produktet av tryggleiksgrunnar.

⁽¹⁾ TEU C 321 av 31.12.2003, s. 1.

*Artikkel 2***Definisjonar**

I dette direktivet tyder:

- a) «energirelatert produkt» eller «produkt» alle varer som har ein innverknad på energiforbruket under bruk, og som vert bringa i omsetning og/eller tekne i bruk i Unionen, medrekna delar som er meinte å skulle inngå i eit energirelatert produkt som er omfatta av dette direktivet, som vert bringa i omsetning og/eller tekne i bruk som einskilde delar for sluttbrukarar, og som har ein miljøprestasjon som kan vurderast separat,
- b) «datablad» ei standardisert oppstilling av opplysningar om det aktuelle produktet,
- c) «andre viktige ressursar» vatn, kjemikaliar eller andre stoff som vert nytta av eit produkt ved normal bruk,
- d) «tilleggsopplysningar» andre opplysningar om ytinga og kjenneteikna til eit produkt som gjeld eller gjer det mogleg å vurdere kor mykje energi eller andre viktige ressursar produktet nyttar, på grunnlag av målbare data,
- e) «direkte innverknad» innverknaden frå produkt som faktisk nyttar energi under bruk,
- f) «indirekte innverknad» innverknaden frå produkt som ikkje nyttar energi, men som medverkar til energisparing under bruk,
- g) «forhandlar» ein detaljist eller annan person som sel, leiger ut, tilbyr kjøp på avbetaling eller stiller ut produkt som er meinte for sluttbrukarar,
- h) «leverandør» produsenten eller den godkjende representanten hans i Unionen eller importøren som bringar produktet i omsetning eller tek det i bruk på unionsmarknaden. Dersom desse ikkje finst, skal alle fysiske eller juridiske personar som bringar i omsetning eller tek i bruk produkt som er omfatta av dette direktivet, reknast som leverandør,
- i) «bringe i omsetning» første gongen eit produkt vert gjort tilgjengeleg på unionsmarknaden med sikte på distribusjon eller bruk i Unionen, mot betaling eller gratis, og utan omsyn til salsmetode,
- j) «ibruktaking» første gongen eit produkt vert teke i bruk i Unionen i samsvar med føremålet for produktet,

- k) «ulovleg bruk av etiketten» bruk av etiketten av andre enn styresmaktene i medlemsstatane eller institusjonane i EU, på ein måte som ikkje er fastsett i dette direktivet eller i ei delegert rettsakt.

*Artikkel 3***Ansvarsområda til medlemsstatane**

1. Medlemsstatane skal syte for at
 - a) alle leverandørar og forhandlarar som er etablerte på territoriet deira, oppfyller dei pliktene som er fastsette i artikkel 5 og 6,
 - b) påføring av andre etikettar, merke, symbol eller påskrifter som ikkje oppfyller krava i dette direktivet og i dei relevante delegerte rettsaktene, er forbode på produkt som er omfatta av dette direktivet, dersom slik påføring vil kunne villeie eller forvirre sluttbrukarane med omsyn til forbruk av energi eller, der det er relevant, andre viktige ressursar under bruk,
 - c) det samstundes med innføringa av ei ordning for etikettar og datablad som viser energiforbruk eller energisparing, vert gjennomført opplysnings- og reklamekampanjar for å fremje energieffektivitet og ein meir ansvarleg bruk av energi blant sluttbrukarane,
 - d) det vert gjort eigna tiltak for å oppmuntre dei rette nasjonale eller regionale styresmaktene som er ansvarlege for å gjennomføre dette direktivet, til å samarbeide og utveksle opplysningar med kvarandre og Kommissjonen, for såleis å medverke til bruken av dette direktivet. Forvaltningssamarbeidet og utvekslinga av opplysningar skal gjerast på ein kostnadseffektiv måte som i størst mogleg grad vert utført ved hjelp av elektroniske kommunikasjonsmiddel, og dette arbeidet kan støttast gjennom relevante EU-program. Eit slikt samarbeid skal garantere at følsame opplysningar som vert lagde fram som ein del av denne framgangsmåten, vert verna og handsama på ein trygg og fortruleg måte der dette er naudsynt. Kommissjonen skal gjere eigna tiltak for å oppmuntre og medverke til dette samarbeidet mellom dei medlemsstatane som er nemnde i denne bokstaven.
2. Når ein medlemsstat kan påvise at eit produkt ikkje oppfyller alle dei relevante krava som er fastsette i dette direktivet og i dei tilhøyrande delegerte rettsaktene når det gjeld etiketten og databladet, er leverandøren pålagt å bringe produktet i samsvar med desse krava på effektive og høvelege vilkår som medlemsstaten fastset.

Dersom det ligg føre tilstrekkelege prov på at eit produkt ikkje er i samsvar med krava, skal den medlemsstaten som det gjeld, gjere dei førebyggjande tiltaka som er naudsynte, og som skal sikre samsvar innan ein fastsett frist, samstundes som den skaden som er valda, vert teken med i vurderinga.

Dersom det manglande samsvaret held fram, skal den medlemsstaten som det gjeld, ta ei avgjerd som avgrensar eller forbyr at det aktuelle produktet vert bringa i omsetning og/eller teke i bruk, eller syte for at det vert trekt tilbake frå marknaden. Ved tilbaketrekking frå marknaden eller forbod mot omsetning skal Kommisjonen og dei andre medlemsstatane straks ha melding om dette.

3. Medlemsstatane skal kvart fjerde år sende over til Kommisjonen ein rapport med nærmare opplysningar om innsatsen sin for å setje i verk direktivet og graden av etterleving av krava på territoriet deira.

Kommisjonen kan utarbeide retningslinjer som fastset nærmare det felles innhaldet i desse rapportane.

4. Kommisjonen skal jamleg leggje fram for Europaparlamentet og Rådet eit samandrag av desse rapportane til orientering.

Artikkel 4

Opplysningskrav

Medlemsstatane skal syte for at

- a) sluttbrukarane, i samsvar med delegerte rettsakter som er vedteke i medhald av dette direktivet, får opplysningar om forbruket av elektrisk energi, andre former for energi og, der det er relevant, andre viktige ressursar under bruk og tilleggsopplysningar, i form av eit datablad og ein etikett som er utarbeidd for dei produkta som vert lagde fram for sal, leige, kjøp på avbetaling eller stilte ut for sluttbrukarane direkte eller indirekte gjennom alle former for fjernsal, medrekna over internett,
- b) dei opplysningane som er nemnde i bokstav a), òg vert gjevne for innbygde eller installerte produkt berre der dette er eit krav i den gjeldande delegerte rettsakta,
- c) all reklame for ein viss modell av eit energirelatert produkt som er omfatta av ei delegert rettsakt som er vedteken i medhald av dette direktivet, inneheld ei tilvising til energieffektivitetsklassen til produktet i tilfelle der det vert gjeve opplysningar om energiforbruk eller pris,
- d) alt teknisk salsfremjande materiell om energirelaterte produkt som omtalar dei spesifikke tekniske parametrane til eit produkt, så som tekniske handbøker og brosjyrar frå produsentane, anten prenta eller på internett, gjev sluttbrukarane dei opplysningane som er naudsynte med omsyn til energiforbruk, eller inneheld ei tilvising til energieffektivitetsklassen til produktet.

Artikkel 5

Ansvar for leverandørane

Medlemsstatane skal syte for at

- a) leverandørar som bringar i omsetning eller tek i bruk produkt som er omfatta av ei delegert rettsakt, utstyrer produktet med ein etikett og eit datablad i samsvar med dette direktivet og den delegerte rettsakta,
- b) leverandørane utarbeider teknisk dokumentasjon som er tilstrekkeleg til å kunne vurdere om dei opplysningane som finst på etiketten og i databladet, er korrekte. Slik teknisk dokumentasjon skal omfatte
 - i) ei generell omtale av produktet,
 - ii) der det er relevant, resultatene av konstruksjonsuttrekningar som er utførte,
 - iii) prøvingsrapportar, dersom dei ligg føre, medrekna slike som er utførte av relevante meldeorganisasjonar i medhald av anna unionsregelverk,
 - iv) tilvisingar som gjer det mogleg å identifisere liknande modellar når verdiar for slike modellar vert nytta.

For dette føremålet kan leverandørane nytte dokumentasjon som alt er utarbeidd i samsvar med dei krava som er fastsette i relevant unionsregelverk.

- c) leverandørane gjer den tekniske dokumentasjonen tilgjengeleg for inspeksjon i ein periode på fem år etter at det siste av dei aktuelle produkta vart framstilt.

Leverandørane skal på oppmoding gjere tilgjengeleg ei elektronisk utgåve av den tekniske dokumentasjonen for marknadstilsynsstyresmaktene i medlemsstatane og Kommisjonen innan ti arbeidsdagar etter at dei har motteke oppmodinga frå den rette styresmakta i ein medlemsstat eller frå Kommisjonen.

- d) leverandørane gratis utstyrer forhandlarane med dei etikettane som er naudsynte til merking og vareopplysningar.

Leverandørane skal, utan at det innskrenkar fridomen deira til å velje system for levering av etikettar, straks levere etikettar på oppmoding frå forhandlarane.

- e) leverandørane utarbeider eit produktatablad i tillegg til etikettane,
- f) leverandørane tek med eit produktatablad i alle produktbrosjyrar. Dersom leverandøren ikkje leverer produktbrosjyrar, skal han levere datablad saman med andre dokument som vert leverte med produktet,
- g) leverandørane er ansvarlege for at etikettar og datablad som dei leverer, er korrekte,
- h) leverandørane vert rekna for å ha gjeve samtykke til offentleggjing av dei opplysningane som er førte opp på etiketten eller i databladet.

Artikkel 6

Ansvar for forhandlarane

Medlemsstatane skal syte for at

- a) forhandlarane plasserer etikettane på ein måte som gjer dei synlege og leselege, og gjer databladet tilgjengeleg i produktbrosjyren eller andre dokument som følgjer med produktet når det vert selt til sluttbrukarane,
- b) forhandlarane utstyrer alle produkt som er stilte ut og omfatta av ei delegert rettsakt, med ein korrekt etikett i den relevante språkversjonen, plassert på ein godt synleg stad, slik det er fastsett i den gjeldande delegerte rettsakta.

Artikkel 7

Fjernsal og andre former for sal

Når produkta vert lagde fram for sal, leige eller kjøp på avbetaling gjennom postordre, katalog, internett, telefonsal eller på annan måte som inneber at det ikkje kan ventast at den moglege sluttbrukaren vil kunne sjå produktet stilt ut, skal dei delegerte rettsaktene innehalde føresegnar som sikrar at moglege sluttbrukarar, før dei kjøper produktet, får dei opplysningane som står på etiketten eller i databladet. Der det høver, skal det i delegerte rettsakter gjerast greie for korleis etiketten eller databladet eller opplysningane på etiketten eller i databladet skal visast eller formidlast til den moglege sluttbrukaren.

Artikkel 8

Fritt varebyte

1. Medlemsstatane skal verken forby, avgrense eller hindre at produkt som er omfatta av og i samsvar med dette direktivet og den gjeldande delegerte rettsakta, vert bringa i omsetning eller tekne i bruk.
2. Med mindre det finst prov på det motsette skal medlemsstatane rekna etikettar og datablad for å oppfylle

føresegnene i dette direktivet og i dei delegerte rettsaktene. Dersom medlemsstatane har grunn til å tru at dei opplysningane som finst på etikettar eller i datablad ikkje er korrekte, kan dei krevje at leverandørane legg fram prov på at dei er korrekte, i medhald av artikkel 5.

Artikkel 9

Offentlege innkjøp og stimulerings tiltak

1. Dersom eit produkt er omfatta av ei delegert rettsakt, skal dei offentlege oppdragsgjevarane som inngår offentlege bygge- og anleggskontraktar og kontraktar om offentlege varekjøp eller offentlig tenesteyting slik det er nemnt i europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/18/EF av 31. mars 2004 om samordning av framgangsmåtene ved tildeling av offentlege bygge- og anleggskontraktar, kontraktar om offentlege varekjøp og kontraktar om offentlig tenesteyting⁽¹⁾, som ikkje har fått unntak i medhald av artikkel 12–18 i det nemnde direktivet, leggje vinn på å kjøpe inn berre dei produkta som oppfyller kriteria for høgste prestasjonsnivå og høyrer til den høgste energieffektivitetsklassen. Medlemsstatane kan òg krevje at dei offentlege oppdragsgjevarane berre kjøper inn produkt som oppfyller desse kriteria. Medlemsstatane kan setje som vilkår at desse kriteria skal nyttast berre dersom dei er kostnadseffektive, lèt seg gjennomføre økonomisk, er teknisk eigna og fører til tilstrekkeleg konkurranse.

2. Nr. 1 skal nyttast på kontraktar med ein verdi som er større enn eller lik dei terskelverdiene som er fastsette i artikkel 7 i direktiv 2004/18/EF.

3. Dersom medlemsstatane innfører eventuelle stimulerings tiltak for eit produkt som er omfatta av ei delegert rettsakt, skal dei ta sikte på dei høgste prestasjonsnivåa, medrekna den høgste energieffektivitetsklassen, slik det er fastsett i den gjeldande delegerte rettsakta. Tiltak som gjeld skattar og avgifter, utgjer ikkje stimulerings tiltak i medhald av dette direktivet.

4. Dersom medlemsstatane innfører stimulerings tiltak for produkt, retta både mot sluttbrukarar som nyttar svært effektive produkt, og mot verksemder som fremjar og framstiller slike produkt, skal dei uttrykkje prestasjonsnivåa i form av klassar slik det er definert i den gjeldande delegerte rettsakta, bortsett frå når dei gjer pålegg om høgste prestasjonsnivå enn terskelverdien for den høgste energieffektivitetsklassen i den delegerte rettsakta. Medlemsstatane kan påleggje høgste prestasjonsnivå enn terskelverdien for den høgste energieffektivitetsklassen i den delegerte rettsakta.

Artikkel 10

Delegerte rettsakter

1. Kommisjonen skal fastsetje nærmare reglar for etiketten og databladet gjennom delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 11–13, for kvar type produkt i samsvar med denne artikkelen.

⁽¹⁾ TEU L 134 av 30.4.2004, s. 114.

Dersom eit produkt oppfyller dei kriteria som er førte opp i nr. 2, skal det omfattast av ei delegert rettsakt i samsvar med nr. 4.

Delegerte rettsakter skal innehalde føresegnar om opplysningane på etiketten og i databladet om forbruk av energi og andre viktige ressursar under bruk som gjer det mogleg for sluttbrukarane å gjere meir medvitne val når dei skal kjøpe eit produkt, og som skal gjere det mogleg for marknadsstilsynsstyresmaktene å kontrollere om produkta stemmer overeins med dei opplysningane som ligg føre.

Dersom ei delegert rettsakt inneheld føresegnar om både energieffektivitet og forbruk av viktige ressursar for eit produkt, skal utforminga av og innhaldet på etiketten leggje vekt på energieffektiviteten til produktet.

2. Dei kriteria som er nemnde i nr. 1, er som følgjer:

- a) I samsvar med dei nyaste tilgjengelege tala, og av omsyn til dei mengdene som vert bringa i omsetning på unionsmarknaden, skal produkta ha eit vesentleg potensial for å spare energi og, der det er relevant, andre viktige ressursar.
- b) Det skal vere store skilnader på dei relevante prestasjonsnivåa til produkt som er tilgjengelege på marknaden og har tilsvarende funksjonalitet.
- c) Kommisjonen skal ta omsyn til relevant unionsregelverk og eigne reglar, t.d. frivillige avtaler, som er venta å oppfylle dei politiske måla snøggare eller til ein lågare kostnad enn ved obligatoriske krav.

3. Når Kommisjonen utarbeider eit utkast til delegert rettsakt, skal han

- a) ta omsyn til alle miljøparametrane som er fastsette i del I i vedlegg I til direktiv 2009/125/EF, som er utpeikte som viktige i det relevante gjennomføringstiltaket som er vedteke i medhald av direktiv 2009/125/EF, og som er relevante for sluttbrukaren under bruk,
- b) vurdere kva innverknad rettsakta har på miljøet, sluttbrukarane og produsentane, medrekna små og mellomstore føretak, når det gjeld konkurransevne på marknaden i og utanfor Unionen, nyskaping, marknadsstilgang og kost/nytte,
- c) gjennomføre eigna samråd med dei partane som det gjeld,
- d) fastsetje gjennomføringsdato(ar), eventuelle stegvise tiltak eller periodar eller overgangstiltak eller -periodar, samstundes som det vert teke særleg omsyn til moglege innverknader for små og mellomstore føretak eller for særlege produktgrupper som i hovudsak vert framstilte av små og mellomstore føretak.

4. Dei delegerte rettsaktene skal særleg omfatte følgjande opplysningar:

- a) Ein nøyaktig definisjon av produkttypen som skal omfattast.
- b) Målestandardar og -metodar som skal nyttast for å skaffe fram dei opplysningane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1.
- c) Nærmare opplysningar om den tekniske dokumentasjonen som krevst i medhald av artikkel 5.
- d) Utforming av og innhald på den etiketten som er nemnd i artikkel 4, som i størst mogleg grad skal ha ei einsarta utforming for alle produktgruppene, og som i alle tilfelle skal vere klart synleg og leseleg. Formatet til etiketten skal framleis byggje på klassifiseringa med bokstavar frå A til G; stega i klassifiseringa skal svare til viktige energi- og kostnadssparingar sett frå sluttbrukaren si side.

Det kan leggjast til ytterlegare tre klassar i klassifiseringa dersom den teknologiske utviklinga gjer dette naudsynt. Desse klassane skal vere A+, A++ og A+++; som er den mest effektive klassen. I prinsippet vil det samla talet på klassar vere avgrensa til sju, med mindre det framleis er fleire klassar i bruk.

Fargeskalaen skal omfatte høgst sju ulike fargar frå mørk grøn til raud. Fargekoden for den høgste klassen skal alltid vere mørk grøn. Dersom det finst fleire enn sju klassar, er det berre den raude fargen som kan nyttast fleire gonger.

Klassifiseringa skal vurderast på nytt, særleg dersom ein stor del av produkta på den indre marknaden kjem opp i dei to høgste energieffektivitetsklassane, og dersom ei ytterlegare inndeling av produkta kan føre til auka økonomisering.

Detaljerte kriterium for ei mogleg omklassifisering av produkta skal eventuelt fastsetjast for kvart einskilt tilfelle i den relevante delegerte rettsakta.

- e) Plassen der etiketten skal festast til det produktet som vert stilt ut, og måten etiketten og/eller opplysningane skal leggjast fram på når produkta vert lagde fram for sal slik det er nemnt i artikkel 7. Dersom det er føremålstenleg, kan det fastsetjast i dei delegerte rettsaktene at etiketten skal festast til produktet eller prentast på emballasjen, eller fastsetjast nærmare krav til korleis merkinga skal vere ved prenting av katalogar, ved fjernsal og sal over internett.
- f) Innhaldet og eventuelt formatet og andre detaljar som gjeld databladet, eller ytterlegare opplysningar slik det er gjort greie for i artikkel 4 og artikkel 5 bokstav c). Opplysningane på etiketten skal òg førast opp i databladet.

- g) Det spesifikke innhaldet på etiketten, eventuelt medrekna energiklasse og andre relevante prestasjonsnivå for det aktuelle produktet, i leseleg og synleg form.
- h) Eventuelle opplysningar om kor lenge klassifiseringa(ne) på etiketten skal gjelde, i samsvar med bokstav d).
- i) Presisjonsnivået i deklarasjonane på etiketten og i datablada.
- j) Datoen for vurdering og eventuell revisjon av den delegerte rettsakta, samstundes som det vert teke omsyn til takten på den teknologiske utviklinga.

Artikkel 11

Utøving av delegert fullmakt

1. Fullmakta til å vedta dei delegerte rettsaktene som er nemnde i artikkel 10, skal gjevast Kommissjonen for ein periode på fem år frå 19. juni 2010. Kommissjonen skal utarbeide ein rapport om den delegerte fullmakta seinast seks månader før femårsperioden går ut. Den delegerte fullmakta skal lengjast automatisk for periodar med same lengd med mindre Europaparlamentet eller Rådet kallar henne tilbake i samsvar med artikkel 12.
2. Så snart Kommissjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han samstundes melde frå om dette til Europaparlamentet og Rådet.
3. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter vert gjevne Kommissjonen med atterhald for dei vilkåra som er fastsette i artikkel 12 og 13.

Artikkel 12

Tilbakekalling av delegert fullmakt

1. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 10, kan tilbakekallast av Europaparlamentet eller Rådet.
2. Den institusjonen som har innleidd ein intern framgangsmåte for å avgjere om ei delegert fullmakt skal tilbakekallast, skal leggje vinn på å melde frå til den andre institusjonen og Kommissjonen innan rimeleg tid før den endelege avgjerda vert teken, og opplyse om kva for ei delegert fullmakt som vil kunne verte tilbakekalla, og moglege årsaker til tilbakekallinga.
3. Avgjerda om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er ført opp i avgjerda, sluttar å gjelde. Avgjerda skal nyttast straks eller på eit seinare tidspunkt som er ført opp i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde. Ho skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 13

Innvendingar mot delegerte rettsakter

1. Europaparlamentet og Rådet kan gjere innvendingar mot ei delegert rettsakt innan ein frist på to månader frå datoen då det vart gjeve melding.

Etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet vert denne fristen lengd med to månader.

2. Dersom verken Europaparlamentet eller Rådet har gjort innvendingar mot den delegerte rettsakta innan den fristen, skal ho kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen* og ta til å gjelde på den datoen som er ført opp der.

Den delegerte rettsakta kan kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen* og ta til å gjelde før den nemnde fristen går ut dersom både Europaparlamentet og Rådet har meldt frå til Kommissjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar.

3. Dersom Europaparlamentet eller Rådet har innvendingar mot ei delegert rettsakt, skal ho ikkje ta til å gjelde. Institusjonen som gjer innvendingar mot den delegerte rettsakta, skal opplyse om grunnane til dette.

Artikkel 14

Vurdering

Kommissjonen skal innan 31. desember 2014 vurdere korleis dette direktivet og dei tilhøyrande delegerte rettsaktene verkar, og sende over ein rapport til Europaparlamentet og Rådet.

Samstundes skal Kommissjonen òg vurdere

- a) korleis artikkel 4 bokstav c) medverkar til å verkeleggjere målet for dette direktivet,
- b) korleis artikkel 9 nr. 1 verkar,
- c) behovet for å endre artikkel 10 nr. 4 bokstav d), i lys av den tekniske utviklinga og etter kor godt forbrukarane forstår utforminga av etiketten.

Artikkel 15

Sanksjonar

Medlemsstatane skal fastsetje reglar for dei sanksjonane som skal nyttast ved brot på nasjonale føresegnar som er vedtekne i medhald av dette direktivet og dei tilhøyrande delegerte rettsaktene, medrekna ulovleg bruk av etiketten, og gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei vert gjennomførte. Dei fastsette sanksjonane skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot. Medlemsstatane skal innan 20. juni 2011 gje Kommissjonen melding om desse føresegnene og straks melde frå til han om eventuelle seinare endringar som verkar inn på desse føresegnene.

*Artikkel 16***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 20. juni 2011 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommissjonen teksta til desse føresegnene.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 20. juli 2011.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Dei skal òg innehalde ei fråsegn om at tilvisingar i gjeldande lover og forskrifter til direktiv 92/75/EØF skal forståast som tilvisingar til dette direktivet. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast og korleis fråsegna skal lyde.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 17***Oppheving**

Direktiv 92/75/EØF, slik det er endra ved den forordninga som er nemnd i del A i vedlegg I, vert oppheva frå 21. juli 2011, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med

omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av det direktivet som er nemnt i del B i vedlegg I.

Tilvisingar til direktiv 92/75/EØF skal forståast som tilvisingar til dette direktivet og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg II.

*Artikkel 18***Ikraftsetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Bokstav d), g) og h) i artikkel 5 skal nyttast frå 31. juli 2011.

*Artikkel 19***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Strasbourg, 19. mai 2010.

For Europaparlamentet

J. BUZEK

President

For Rådet

D. LÓPEZ GARRIDO

Formann

*VEDLEGG I**DELA***Oppheva direktiv med endring****(nemnt i artikkel 17)**

Rådsdirektiv 92/75/EØF
(TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16).

Forordning (EF) nr. 1882/2003
(TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

Berre vedlegg III nr. 32

*DEL B***Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving****(nemnt i artikkel 16)**

Direktiv	Frist for innarbeiding
92/75/EØF	1. januar 1994

VEDLEGG II

Jamføringstabell

Direktiv 92/75/EØF	Dette direktivet
Artikkel 1 nr. 1 innleiande tekst, første punktumet	Artikkel 1 nr. 1
Artikkel 1 nr. 1 innleiande tekst, andre punktumet	Artikkel 1 nr. 2
Artikkel 1 nr. 1, første til sjuande strekpunktet	—
Artikkel 1 nr. 2	—
—	Artikkel 1 nr. 3 bokstav a) og b)
Artikkel 1 nr. 3	Artikkel 1 nr. 3 bokstav c)
—	Artikkel 2 bokstav a) og b)
Artikkel 1 nr. 4, første og andre strekpunktet	Artikkel 2 bokstav g) og h)
Artikkel 1 nr. 4 tredje strekpunktet	—
Artikkel 1 nr. 4 fjerde strekpunktet	Artikkel 2 bokstav c)
Artikkel 1 nr. 4 femte strekpunktet	Artikkel 2 bokstav d)
—	Artikkel 2 bokstav e), f), i), j) og k)
Artikkel 1 nr. 5	—
Artikkel 2 nr. 1	Artikkel 4 bokstav a)
—	Artikkel 4 bokstav b), c) og d)
Artikkel 2 nr. 2	—
Artikkel 2 nr. 3	Artikkel 5 bokstav b)
Artikkel 2 nr. 4	Artikkel 5 bokstav b) og c)
Artikkel 3 nr. 1	Artikkel 5 bokstav a)
Artikkel 3 nr. 2	Artikkel 5 bokstav e) og f)
Artikkel 3 nr. 3	Artikkel 5 bokstav g)
Artikkel 3 nr. 4	Artikkel 5 bokstav h)
—	Artikkel 6 bokstav a)
Artikkel 4 bokstav a)	Artikkel 6 bokstav b)
Artikkel 4 bokstav b)	Artikkel 5 bokstav d)
Artikkel 5	Artikkel 7
Artikkel 6	—
Artikkel 7 bokstav a)	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 7 bokstav b)	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 7 bokstav c)	Artikkel 3 nr. 1 bokstav c)
—	Artikkel 3 nr. 1 bokstav d)
—	Artikkel 3 nr. 2, 3 og 4
Artikkel 8 nr. 1	Artikkel 8 nr. 1
Artikkel 8 nr. 2	Artikkel 8 nr. 2
Artikkel 9	—

Direktiv 92/75/EØF	Dette direktivet
—	Artikkel 9
Artikkel 10	—
—	Artikkel 10 nr. 1, 2 og 3
Artikkel 11	—
Artikkel 12 bokstav a)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav a)
Artikkel 12 bokstav b)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav b)
Artikkel 12 bokstav c)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav c)
Artikkel 12 bokstav d)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav d)
Artikkel 12 bokstav e)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav e)
Artikkel 12 bokstav f)	Artikkel 10 nr. 4 bokstav f)
Artikkel 12 bokstav g)	—
—	Artikkel 10 nr. 4 bokstav g), h), i) og j)
—	Artikkel 11–15
Artikkel 13	Artikkel 17
Artikkel 14	Artikkel 16
—	Artikkel 18
Artikkel 15	Artikkel 19
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II